vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

13.11.2020

HES2002 Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:** Helseservicefag

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | • Kandidaten viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i tråd med kompetansemåla i yrket eleven har valt.<br>• Kandidaten skal grunngje og reflektere over det som vert lagt fram – kva, korleis og kvifor<br>• Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av det arbeidet som eleven utfører på eksamensdagen.<br><br>Eksamensrettleiing med kjenneteikn på måloppnåing finn du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/ |

Du har fått autorisasjonen din og jobbar i Helseservice AS. Du bestemmer sjølv om du er tilsett som:

- Apotekteknikar
- Helsesekretær
- Tannhelsesekretær
- Portør

Skriv kva for eit yrke du har valt.

**Oppgåve 1**

De har mykje å gjere når Helge Holm på 78 år kjem inn døra til arbeidsplassen din. Han er dårleg til beins og brukar rullator. Du observerer at han verkar litt forvirra og han spør om det same fleire gonger. Du kjenner at du begynner å verte litt utolmodig, men prøver å ikkje vise det. Helge fortel at han har smerter når han rører på seg, og at han har fått resept på smertestillande av legen.

A. Ut ifrå kunnskapane dine i kommunikasjon, gjer greie for korleis du ville ha lagt til rette for ein god kommunikasjon for å skape tryggleik og tillit.
B. Kva ville du ha lagt vekt på når det gjeld observasjonen din av Helge Holm og tilbakemeldingar til eventuelle samarbeidspartnarar?
C. Kva bør du vere bevisst på i denne situasjonen om respekt, profesjonell omsorg og yrkesetikk?

**Oppgåve 2**

På arbeidsplassen din i Helseservice AS er det mange som kjenner kvarandre. I matpausen diskuterer to kollegaer ein pasient ved namn. Du veit tilfeldigvis kven han er og synst at det er ubehageleg. Du tenkjer på teieplikt og personvern.

A. Kva betyr personvernet for deg i arbeidskvardagen din?
B. Kva slags informasjon er det greitt at blir diskutert på ein arbeidsplass, og når gjeld teieplikta?
C. Reflekter over denne situasjonen ut frå gjeldande regelverk og etisk tenking.

**Oppgåve 3**

Dokumentasjonsplikta er ein viktig del av arbeidsoppgåvene dine som helsepersonell.

A. Forklar kvifor det er viktig å dokumentere.
B. Forklar kva mangelfull dokumentasjon kan føre til i kvardagen din.

# Bokmål

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | • Kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i yrket eleven har valgt.<br>• Kandidaten skal begrunne og reflektere over det som legges frem - hva, hvordan og hvorfor<br>• Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.<br><br>Eksamensveiledning med kjennetegn på måloppnåelse finner du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/ |

Du har fått din autorisasjon og jobber i Helseservice AS. Du bestemmer selv om du er ansatt som:

- Apotektekniker
- Helsesekretær
- Tannhelsesekretær
- Portør

Oppgi hvilket yrke du har valgt.

**Oppgave 1**

Dere har mye å gjøre når Helge Holm 78 år kommer inn døren til arbeidsplassen din. Han er dårlig til bens og bruker rullator. Du observerer at han virker litt forvirret og han spør om det samme flere ganger. Du kjenner at du begynner å bli litt utålmodig, men forsøker å ikke vise det. Helge forteller at han har smerter når han beveger seg og at han har fått resept på smertestillende av legen.

A. Ut ifra dine kunnskaper i kommunikasjon, gjør rede for hvordan du ville tilrettelagt for en god kommunikasjon for å skape trygghet og tillit?
B. Hva ville du ha lagt vekt på når det gjelder din observasjon av Helge Holm og tilbakemeldinger til eventuelle samarbeidspartere?
C. Hva bør du være bevisst på i denne sitasjonen om respekt, profesjonell omsorg og yrkesetikk?

**Oppgave 2**

På din arbeidsplass i Helseservice AS er det mange som kjenner hverandre.
I matpausen diskuterer to kollegaer en pasient ved navn. Du vet tilfeldigvis hvem han er og synes det er ubehagelig. Du tenker på taushetsplikt og personvern.

A. Hva betyr personvernet for deg i din arbeidshverdag?
B. Hvilken informasjon er det greit blir diskutert på en arbeidsplass og når gjelder taushetsplikten?
C. Reflekter over denne situasjonen ut fra gjeldende regelverk og etisk tenkning.

**Oppgave 3**

Dokumentasjonsplikten er en viktig del av dine arbeidsoppgaver som helsepersonell.

A. Forklar hvorfor det er viktig å dokumentere.
B. Forklar hva mangelfull dokumentasjon kan føre til i din hverdag.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap